



## STORTINGET

# Grunnlovsframlegg 6

(2023–2024)

Grunnlovsframlegg frå Nils T. Bjørke, Sigbjørn Gjelsvik, Per Olaf Lundteigen og Per Martin Sandtrøen

Dokument 12:6 (2023–2024)

### Grunnlovsframlegg frå Nils T. Bjørke, Sigbjørn Gjelsvik, Per Olaf Lundteigen og Per Martin Sandtrøen om endring i § 120 a (om pengeeining)

Til Stortinget

## Bakgrunn

Forslagsstillarane viser til Stortinget si handsaming av Innst. 115 S (2022–2023), jf. Dokument 12:19 (2019–2020). Ved Stortinget si handsaming oppnådde ikkje framlegget om grunnlovsfesting av at Noreg skal ha si eiga pengeeining, det nødvendige talet røyster for å bli vedteke.

Noregs grunnlov er den nest eldste i verda som har vore gjeldande utan avbrot. I novembergrunnlova av 1814 vart penge- og myntstellet grunnlovsfest i paragraf 110. Denne paragrafen lydde: «Norge beholder sin egen Bank og sit eget Penge- og Myntvæsen, hvilke Indretninger ved Lov bestemmes». Med denne føresegna skulle Noreg sikrast eit sjølvstendig pengestell og under personalunionen med Sverige. Paragrafen stod slik fram til 1911, då han vart endra for å grunnlovsfesta Statens Reservefond.

Stortinget vedtok 17. april 1875 Lov om Pengevæsenet, der § 1 fyrste ledd fyrste punktum lydde: «Grundlaget for Rigets Myntsystem er Guld og Pengeenheden skal være en Krone, som deles i 100 Øre». Noreg endra med dette eining frå spesidalar og skilling til kroner og øre. I dag er pengeeininga i Noreg lovsfest i sentralbankloven § 1-9.

Noregs Bank vart skipa ved lovsanksjon i Stortinget 14. juni 1816. Stortinget vedtok i Noregs Bank sitt 200-årsjubileum atter å grunnlovsfesta sentralbanken. Grunnlova § 120 a slår no fast at «Noregs Bank er sentralbanken i landet».

Forslagsstillarane viser til Grunnlova § 1 fyrste punktum: «Kongeriket Noreg er eit fritt, sjølvstendig, udeleleg og uavhendeleg rike». Det å ha ei eiga pengeeining er eit av kjenneteikna ved ein sjølvstendig nasjon.

Forslagsstillarane meiner difor Grunnlova bør innehalda føresegner om at Noreg skal ha si eiga pengeeining. Forslagsstillarane meiner at Noreg har hatt god nytte av å ha si eiga pengeeining og vil vera tent med å halda på si eiga pengeeining i framtida for å ha full sjølvråderett over penge- og myntsystemet og kunna bruka det som nasjonalt styringsverkemiddel i økonomiske kriser.

Det er nærliggjande å grunnlovsfesta ei føresegn om at Noreg skal ha si eiga pengeeining, saman med grunnlovsføresegna om sentralbanken. Forslagsstillarane gjer difor framlegg om at grunnlovsfesting av at Noreg skal ha si eiga pengeeining, blir teke inn i § 120 a som nytt andre ledd.

Forslagsstillarane ser det som grunnleggjande for ein suveren stat å ha råderett over sitt eige penge- og myntstell og tek til orde for å gje pengestellet konstitusjonelt vern ved å grunnlovsfesta at Noreg skal ha si eiga pengeeining. Sentralbankloven § 1-9 fortel kva denne pengeeininga er.

## Framlegg

På dette grunnlaget legjer ein følgjande

framlegg:

§ 120 a nytt andre ledd skal lyda:

Noreg skal ha si eiga pengeeining.

–

Norge skal ha sin egen pengeenhet.

30. september 2024

Nils T. Bjørke

Per Olaf Lundteigen

Sigbjørn Gjelsvik

Per Martin Sandtrøen

Midlertidig